

Masfjorden kmmune  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

### **Merknad til høyring om vidare fiberutbygging i Masfjorden.**

Innbyggarene på Hope og Vågset vil med dette kome med ein uttale om vidare utbygging av fibernett i Masfjorden kommune.

Hope står på lista over kundar det skal søkjast midlar for om vidare utbygging av fiber i 2018, men Vågset er ikkje med på denne lista.

Hope og Vågset er to bygder med fleire småbarnsfamiliar og alle hustander her er interessert i fiber. På Hope nytta alle hustandar no trådlaukt internett frå Nettstar, men dette er ei ustabil løysing. Ein opplever ofte at internett fell vekk eller arbeider svært tregt sjølv om ein betaler for høge hastigheter. På Hope er det mobilsignal, men kan og oppleve at det i periodar fell vekk.

Hope har ikkje 4G og dårlig DAB signal. Ein av inbyggjarane på Hope har avtale om heimekontor med arbeidsgjevar på grunn av svært lang pendleavstand til jobb. Dette let seg kun gjera med stabilt internett med høg hastighet (for t.d. gjennomføring av videokonferansar). Slik det er no er det ikkje mogeleg.

I framtida kan ein rekne med at slike arbeidstilhøve blir vanlegare og tilfredstillende breibandskapasitet og stabilitet er soleis heilt avgjerdande for å sikre busetnaden og event. tilflytting til områda våre.

Vågset har heller ikkje 4G, og nokre av innbyggjarane har problem med ustabilt og tregt internett. Det må og nemnast at det på Hope alt er lagt fiberkabel mellom husa i samband med fordeling av fjernsynssignal, slik at det kun trengs eit tilkoplingspunkt.

Me vil av desse grunnane oppmoda kommunen om å ta med Vågset på lista over område som skal prioriterast ved neste utbygging og at både bygdene blir prioriterte ved neste utbygging i 2018

Alle dei interesserte har sett si underskrift på dette brevet.

Kathrine Storsæter  
Vidar Hope

Med helsing

A. M. Vågset

Tone Vågseth  
Per Gunnar Tellestad

Bjørn Egil Nordland  
Jens J. Nystrand

Eve Solheim  
Willy Nordland  
Frode L. Vågseth  
Laila Vågseth  
Arne Inge Hope  
Hanne-Grete Hope  
Riidun Solheim  
Eidsvold Solheim